



# SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 3 2019



# Om bladet

## Ansvarleg utgjevar:

Stord sokneråd og  
Nysæter sokneråd

**Adresse:** Hamnegata 48,

5411 Stord

**Telefon:** 53 40 34 30

**E-post:** post@kyrkja-stord.no

**Web:** [www.kyrkja-stord.no](http://www.kyrkja-stord.no)

**Facebook:** @kyrkjaistord

**Kontonr:** 3201.23.04578

**Vipps:** Nysæter #124663/

Stord #124653

Gåver til kyrkjebladet merkast  
"SPIRA"

**Design:** Preg Design AS

**Forsidefoto:** Barbro H. Andersen

**Trykk:** SKAG Design og trykkeri

**Opplag:** 7500 /utgåve 3/ årgang 1

**Papir:** Miljøvennlig Paperwise



## Redaksjon:

Olav Oma (redaktør),  
Elisabeth Fauskanger,  
Anders Grov Nilsen,  
Svein Olav Langåker,  
Barbro Høyland Andersen

 DEN NORSKE KYRKJA  
Stord og Nysæter

# "Her kommer vinteren, her kommer den kalde fine tida..."

song Jokke og Valentinerne. Songen var ein protest mot sol og sommar og dei "overdrivent positive folka". Om vinteren var det lov å mura seg inne i sitt eige selskap framfor tv'en.

Adventstida er det den "kalde fine tida"? Ja, for mange er det det. Eg ser lysa sprett opp på hus og i gater. Tidlegare kjende eg irritasjonen ta meg. Kvifor skal dei begynna så tidleg? Julebrus i oktober! Julemjølk i november!

Men så les eg at dei som startar tidleg å førebu seg, det er dei som gler seg mest! Det er litt som hypokonderlegen Wilhelmsen frå Bergen sa om å ta glede på forskot: "Ting kan jo gå gale men om eg gler meg på førehand, då har eg iallefall hatt den gleda".

Advent handlar om førebuing, forventning, glede. Eg er mellom

dei som ikkje gler meg over mørket, regnet eller tunge skyer. Eg har heller ikkje spesielle forventningar til den kalde fine tida, men eg gler meg til jul. Eg gler meg over advent, og fortellinga som vi skal fortelje på nytt i kyrkjer og - ja over heile jorda. Eg gler meg over igjen å få høyra om barnet som kom, om han som stadig kjem. Han kjem for å fortelje på nytt kor glad Gud er i kvar og ein av oss, også meg.

Eg ynskjer alle leسارar ei god og glad jul.

Olav Oma, sokneprest

## Verdt å få med seg:

**Søndag 8. desember kl. 17.30 og 20.00:** Dei tradisjonelle julekonseriane i Stord kyrkje med kor og korps.

**Søndag 15. desember kl. 18.00:** Tradisjonell julekonsert i Nysæter kyrkje, med kor, korps og song.

**Måndag 23. desember kl 16:30 og 19:30:** Konserter med TAPAS

**Fredag 27. desember kl 19:00**  
Romjulskveld - koncert med Ichtus

**Tysdag 31. desember kl 23.45**  
Midnattsgudsteneste i Stord kyrkje 23.45 ved Reidar Ådnanes og Ole Jørgen Furdal

Dette er berre noko av det som skjer i kyrkjene våre i samband med advent og jul. Følg med på heimesida vår ([www.kyrkja-stord.no](http://www.kyrkja-stord.no)), på Facebook (@kyrkjaistord) og i avisar for oversikt og påminningar om gudstener og arrangement!

# Kyrkjevalet 2019

Valdagen er meir enn politisk valkamp for eller mot miljø, bompengar og sentralisering. Måndag 9.september var også dagen for kyrkjevalet. I Stord og Nysæter sendte me våre stemmer til dei me ønskte inn i bispedømerådet og det lokale soknerådet i den komande 4-årsperioden. Avtroppende sokneråd hadde ansvar fram til dei nye sokneråda tok over 1. november.

## Nye Stord sokneråd

Frå øvst t.v.: Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Sigrid Beate Tveit Eskeland, Ingeborg Islaug Hatlevik Ørjasæter, Johannes Vallestad Lamo, Egil Petterteig, Dagfinn Koppang, sokneprest Olav Oma, Anders Dahl, Arne Rygg Drønen, Dag Sele.

Nils Dale Elde, Signe Wiersen Vorland og Dag Kjetil Lægreid var ikkje til stades då bildet vart teke.



## Nye Nysæter sokneråd

Frå øvst t.v.: Sokneprest Jørgen Knudsen, Marit Stalheim Grimstad, Katrine Valvatne Kvernenes, Oddbjørg Kringlebotten Løkling, Lars Heine Kaldefoss, Karen Marie Valvatne, Kristine Wiersen, Marta Kristin Valvatne og Jens Arne Stautland

Ingebjørg Råheim Grønsdal, Randi Bod Haugsdal og Ståle Betten var ikkje til stades då bildet vart teke.

# Biskopen utfordrar sokneråda

Begge kyrkjelydane fekk visitasbesøk av biskop Halvor Nordhaug i 2016. Då visitasen var over, la biskopen att nokre spesifikke utfordringar til kyrkjelydane og sokneråda. Korleis har sokneråda har arbeidd med desse utfordringane så langt og kva råd har dei gamle sokneråda til dei nye? Me har teke ein prat med dei avtroppande og dei påtroppande soknerådsleiarane i begge sokn.

- Me har jobba målretta med utfordringane frå biskopen, seier avtroppande soknerådsleiar i Nysæter, Hildegunn Sæbø Heimro.
- Me er opptekne av at innbyggjarane i Sagvåg og Litlabø skal kjenna seg heime i kyrkja, og oppleva det som ein god stad å vera. Nysæter kyrkje er bygdene si kyrkje, legg ho til.

Hildegunn fortel at då biskopen føreslo å styrka gudstenesta, valde Nysæter sokneråd å bruka involvering som verkemiddel. Dei har arbeidd for å leggja meir til rette for barn i gudstenestene og å invitera ulike grupper til å vera med og planleggja og setja sitt preg på gudstenestene.

- Med fleire aktivitetar i kyrkja, tvin gar det seg fram eit behov for fleire frivillige. Det er no fleire som er med, men framleis er me ikkje i mål på dette området. Dersom du som leser ønskjer å vera med, eller om du kjenner nokon som kunne tenka seg det, så ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret eller soknerådet i Nysæter, oppfordrar ho.

Ho fortel vidare at soknerådet har hatt ønske om noko fast på kveldstid

Avtroppande leiarar i Nysæter sokneråd Hildegunn Heimro (t.v.) saman med påtroppande leiar Marit Stalheim Grimstad (t.h.)

*Biskopen sine  
utfordringar til oss*

- Styrk gudstenesta! Gå dit regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Gud ære.
- Sats på å få med fleire frivillige, og gje dei oppfølging slik at fleire kan bli med i det som skjer.
- Stord må arbeida vidare med planane om kyrkjelydshus i dialog med riksantikvar og kommunen.
- Nysæter må arbeida vidare med planane om kveldar med gudsteneste og undervisning.
- Få i gang ei gjevarteneste i bæsokn.

- Det står framleis att idear og ønskje som me ikkje er kome i mål med. Desse vil det nye soknerådet ta med seg vidare. Det nye soknerådet utgjer ei flott arbeidsgruppe, og eg ønskjer dei lukke til med det vidare arbeidet avsluttar Hildegunn. Med dette gir ho seg etter to strake valperiodar, til saman 8 år, i Nysæter sokneråd.



# Nyvalde leiatarar

Då ny soknerådsperiode tok til i november vart Anders Dahl (Stord) og Marit Stalheim Grimstad (Nysæter) valt som soknerådsleiatarar.

## Leiar i Nysæter sokneråd

Marit har lang erfaring frå lokalt kyrkjelydsarbeid og tek no fatt på sin andre valperiode.

- Kva forventningar har du til den komande perioden og kva tenkjer du om arbeidet som ligg føre?
- Det var vel no eg skulle hatt dei store draumane og tankane, smiler Marit. Eg tenkjer godt om det nye soknerådet. Eg ønskjer å halda fram med det gode arbeidet me har starta opp med. Mat og prat samt Puls på livet. Diakoni og arbeid med å få fleire barnefamiliar inn i møtepunkta me har er og noko som står på blokka mi. Eg håpar og at me kan tenkja breiare om kyrkja enn berre gudstenester sundag føremiddag, seier Marit.

## Leiar i Stord sokneråd

I Stord er det ein annan utan Sunnhordlands-dialekt som tek over leiari vervet. Trønderen er relativt fersk i rådsarbeidet i kyrkjelyden, men ser fram til å ta tak i arbeidet og bli kjent med rådsstrukturane.

- Eggler meg til arbeidet som ligg føre, og til å tene saman med ein flott, engasjert gjeng som er valde for den komande soknerådsperioden, seier Anders. Som fersk inn i soknerådsarbeidet forventar eg at det er mykje nytt å læra i starten. Eg ser spesielt fram til å bli betre kjent med mangfaldet av det som skjer i og rundt kyrkja. Og så ser eg fram til å bli betre kjent med fleire av medlemmene og dei mange frivillige og løna medarbeidarane i kyrkja.

Anders vonar at ein skal klara å leggja til rette for at enno fleire finn sin plass i kyrkja, både i gudstenestene og i andre samlingar og tenester. - Ei av mine hjartesaker er å auka kjensla av tilhørsle til kyrkja og kyrkjelyden - både gjennom deltaking, teneste og gjennom å skapa gode møteplassar også utanom hovudgudstenesta.



Avtroppande leiatarar i Stord sokneråd, Jostein Grimsbø (t.v.) saman med påtroppende leiari Anders Dahl (t.h.)

Jostein Grimsbø blei valt inn som varamedlem til soknerådet i Stord i 2015. Dei to siste åra har anleggsgartnaren, som held godt på Toten-dialekten sin, hatt rolla som soknerådsleiari.

- Utfordringane frå biskopen har vore ei fin rettesnor, meiner Jostein.
- Dei er konkrete, ved at fokuset vert på gudstenesta og kva den betyr i kyrkjelyden. Svaret på korleis me kan auka gudstenestedeltakinga la biskopen inn i utfordringa til oss: Å gå regelmessig på gudstenesta.

Å ha mange frivillige gir eigarskap til kyrkjelydsarbeidet for mange, og ei mindre arbeidsmengd for kvar enkelt.

- Me har imponerande mange frivillige medarbeidarar, kommenterer Jostein. - Eg synest det er viktig at kvar og ein av desse kjenner seg sett og verdsett. Dette er tema som me har drøfta i soknerådet, men som me ikkje har kome langt nok med.

Vidare arbeid med kyrkjelydshus og gjevarteneste var og på arbeidslista frå biskop Nordhaug. Kyrkjelydshusarbeidet ventar på reguleringsplan

frå kommunen. Men gjevarteneste har kome i sving no i haust. Denne vert i første omgang retta inn mot Kyrkjestova Fredheim, som er å sjå på som ei mellombels løysing, til nytt kyrkjelydshus er på plass.

Anders Dahl er noe valt som leiari for det nye soknerådet i Stord. I bodstikka til det nye soknerådet vel Jostein og det avtroppe soknerådet å rulla saman og lagra arbeidslista frå biskopen.

- I eit sokn er det mange ulike utfordringar, og det er mykje som er viktig. Midt i dette kan det vera godt å ha eit dokument, som kan nyttast som ei prioriteringsliste. No er det ny soknerådsperiode, og mykje har skjedd sidan bispevisitasen, men mykje er framleis relevant og nyttig å ta med vidare. Bruk framleis biskopen sine utfordringar som ei god rettleiing i vidare kyrkjelydsarbeid, oppmodar Jostein.



Kyrkja i Stord og Nysæter  
Følg oss på Facebook!

# Finn ro i musikken i ei travel adventstid



I løpet av førjulstida er det mange som deltek som songar, musikar eller publikum på ein eller fleire av mange julekonsertar. I kyrkjene våre er det ekstra mange konserttilbod når det lakkas mot jul. Kulturskulen er av dei som har faste tradisjonar i kyrkja. Rektor Anne Lene Østvold Jordåen trur musikkskulen «alltid» har hatt julekonsertar i kyrkja.

- Eg har arbeidd i kulturskulen på Stord sidan 1996 og me har hatt konsert i kyrkja kvar jul sidan då.

Blir det berre jul og julemusikk i kulturskulen før jul?

- Ja, det blir fort mykje julemusikk, veldig mykje. Men Kulturskulen har også ein del elevar som ikkje feirar jul, og det er viktig for oss å ha gode aktivitetar for dei og i desember.

I desember skal Stord kultursku-  
le ha to konsertar i Nysæter kyr-  
kje (12. og 19. desember). - Før-

julstida i kulturskulen er ei veldig fin og kjekk tid. Hos oss startar den tidleg i november, fordi elevane skal kunna julemusikken til desember og då må ein ha nokre veker å øva på, fortel Anne Lene. Å framföra julemusikk er inspirerande og me ser at mange elevar over mykje i denne perioden – noko lærarane synest er ekstra kjekt.

Kvífor brukar de kyrkjeromma til konsert i førjulstida?

- Kyrkjerommet gir ei flott ramme rundt konsertane. Det er ein eigen atmosfære som vert ekstra sterkt opp under juletid, svarar Anne Lene. Me opplever ei større ro i kyrkja og synest det vert stemningsfullt og fint i formidling av julemusikk. Me har dei siste åra også hatt ein kyrkjeconserst like før påske, noko som og er veldig stemningsfullt og fint. Og så er det jo god akustikk i kyrkja, og det løftar framføringane!

- Sjølv synest eg det er noko med denne roen og atmosfæren som kyrkja gir, framhevar Anne Lene. Det vert tid til ettertanke på ein annan måte enn i «vanlege» kon-

sertlokale, og dette set eg stor pris på.

Korleis er responsen frå elevar, foreldre og publikum på julekonseriane i kyrkja?

- Eg trur dei set veldig stor pris på å ha ein konsert i kyrkja, det verkar i alle fall slik på responsen me får frå dei. Elevar, foreldre og publikum opplever nok denne roa og atmosfæren dei også – det set liksom ein ekstra spiss på konserten og dei fleste kjem i julestemning.

Korleis blir jula for musikkskule-  
rekturen då?

- Advent er ei travel tid. Det er mykje som skal gjerast og ordnast både på jobb og heime, men eg likar å ha det travelt og så er det jo veldig mange kjekke ting som skal gjerast i adventstida. Arbeidet er fylt av mykje glede. I år vil det nok bli seks konsertar på meg i førjulstida, og det tenkjer eg er heilt passeleg.

- Er det nokre faste gjeremål i adventsida?

- Ja, eg prøver å få sett julekalenderen på NRK kvar dag (veldig greitt no når det ligg på nett). Eg





synest det er koseleg og fint. Det blir liksom ikkje jul om eg ikkje har gløtta litt på den, avslører ho.

- Og så er eg glad i å baka, så det brukar å bli nokre sortar i kakeboksane. Elles er førjulstradisjonar for meg å lytte til mykje fin musikk. Eg likar godt mektige kor- og orkesterverk slik som Messias (Händel) og Juleoriatoret av Bach.

Anne Lene er opprinnelig frå Sandnes, men har budd på Stord i over 20 år og har etablert sine eigne juletradisjonar med sin familie.

- Eg feirar nok ei ganske tradisjonnell jul, med familiebesök, god mat, tente lys og tid til å roa ned. Det er viktig for meg å finna tid til

å vera i lag med familie og vene. Godt også å kunna ha nokre rolegare morgonar med ein ekstra kopp te og eit tent lys i vindauge.

Og, blir det pinnekjøt og Sølv-gutane på julaftan, eller?

- Ja, for meg vert det ikkje jul utan pinnekjøt på julaftan. Og Sølv-gutane hører med, men for meg vert det nok på radio på kjøkenet medan eg førebur siste del av middagen. Som ivrig P2-lyttar kan Anne Lene avsløra at konserthen vert sendt på P2.

- Veldig bra for meg som elskar radio!

- Og så må me ikkje gløyma jule-treet – som må ha julekuler av sjokolade. Det er veldig viktig, avsluttar Anne Lene.

#### Torsdag 12.12. kl.18:00:

Konsert med Stord kulturskule (Nysæter kyrkje). Konserten er ein «typisk» elevkonsert, her framfører elevar i ulik alder og nivå variert musikk, både «vanleg» og julemusikk.

#### Torsdag 19.12. kl.19:00:

Konsert med Stord ungdomskor og kulturskulen (Nysæter kyrkje). Konserten er skikkeleg jul. Det blir berre julemusikk og det er ein konsert med tydeleg struktur og gjennomarbeidd program. På denne konserten vert det også med ein strykekvartett som skal spela i lag med koret.

**Garantert julestemning!**




# På T-dag i kyrkja

I kyrkja driv me trusopplæring for barn både fordi me ynskjer å skape trygge og sosiale møtepunkt for barn og foreldre og gje kjennskap til bibelforteljingane, songar og den kristne trua. Spira har stilt nokre av alle dei som har vore på ein eller annan T-dag nokre spørsmål:



## Malene Ruhs Langåker (11 år)

1. Eg har vore med på Lys vaken i Stord kyrkje.
2. Eg hadde lyst, og gledde meg veldig til å bli med.
3. Det var gøy alt saman. Det var kjekkast å laga lys med ungdommane som var der, og så var det bra med god pizza og shop!



## Sveinung Hystad (3 år)

1. Me har vore på ein del av T-dag samlingane for 2 og 3 åringer i haust, på nokre familiegudstenester i Stord kyrkje og på søndagsskulen på Hystad skule og i kyrkja.
2. For det første er Sveinung glad i både forteljingar og song, i tillegg vil me foreldre at han skal oppleve dei gode bibelforteljingane ilag med andre born og vaksne.
3. Me har storkost oss. T -dag samlingane er absolutt eit høgdepunkt i kvardagen for Sveinung. Å lage «lydsalat» med rytmeinstrumenta er noko av det kjekkaste han veit.




## Eskil Midtun (6 år)

1. Eg har vore på T6 i Nysæter kyrkje, der fekk eg og heile familien min middag og så hørte me om Sakkeus. Og så var eg på aktivitetsdag 15.november, då det var fridag på skulen.
2. Eg har vore med fordi eg vil læra om Jesus.
3. Det var veldig kjekt. Eg skulle ønska eg kunne gå på kjekke ting i kyrkja oftare.



## Peder Stensletten (4 år)

1. I haust har eg vore på T4 i Stord kyrkje. Først på oppdagelsestur i kyrkja på laurdagen og så familiegudsteneste der eg fekk min eigen barnebibel.
2. Eg veit ikkje heilt kvifor eg kom, seier Peder, men mamma seier at ho synes dette er ei veldig fin samling og at det er flott at dei får sjå seg om i kyrkja.
3. Det var spennande, særleg å gå opp i tårnet.



## T4 med undretur og 4-årsbok

Midt i november var alle 4-åringane inviterte til T-dag med undretur og gudstenesta. I gudstenesta var det utdeling av Barnebibel til dei som fyller 4 i år.

I Stord kyrkje var det to gudstenester og meir enn 70 barnebiblar vart delt ut.

Det såg ut som både barn og vaksne koste seg.

## Familiegudsteneste med juleverkstad

Pass på å få med dykk ei fin førjulsstund for familien i kyrkja søndag 15. desember. Då inviterer Stord kyrkjelyd til familiegudsteneste med juleverkstad i midtgangen etterpå.



## T6-7-8 Aktivitetsdag i Nysæter kyrkje

Fredag 15. november var det planleggingsdag på skulane. Då vart 1. 2. og 3. klassingane i Nysæter sokn inviterte til aktivitetsdag i Nysæter kyrkje. 40 barn stilte saman med staben og frivillige medarbeidrarar.

Vi spiste saman, hadde ulike aktivitetar og gym, og bibelforteljing om den barmhjertige samaritan. Høgdepunktet var at sjukebilen kom. Ein kjekk dag som fristar til gjentaking.



# Topp stemning på Fredheim

Det er ikkje lenge sidan Stord kyrkje overtok Fredheim, og huset er alt flittig i bruk. Ungdommane på Sing-Sing og KRIK ser ut til å trivast veldig godt i desse lokalene.

– Det er veldig godt miljø her. Topp stemning! seier Eline Hellesøy (15) og Maria Lillenes (16), mens dei tar seg ein nysteikt muffins etter øvinga til Sing Sing.

Ungdommane er nøgde med å ha sin eigen stad å vera.

– No slepp me å rigga ned instrumenta for kvar øving, seier bassist Øystein Hetlesæter (14).



Øystein Hetlesæter på bass og Eline Hellesøy på piano, medan Maria Lillenes, Sara Almås og Oda Clausen Sætre syng



Laurence Koppang Skartland (14) og Pernille Solheim (14) viser fram dagens bakst.

Sing Sing tar gjerne i mot fleire medlemmar anten dei vil synga eller å spela i band.

Nytt for i haust er at Sing Sing og KRIK har slått seg saman. Klokka 18 kvar torsdag er det Sing Sing-øving fram til kl 1850. Etter det er det ei fellessamling med prat og mat. Ein god halvtime seinare går turen til gymssalen på Rommetveit skule for KRIK. På denne måten er det eit tilbod for dei som likar godt å synga, og dei som likar ballspel.

– Det er veldig kjekt! seier Laurence Koppang Skartland og Pernille Solheim. 14-åringane er med på KRIK og har no laga ei matgruppe på Fredheim, medan Sing Sing har øving.

– Det er kjekt å ha vår eigen stad, seier dei.

Leiar i interimstyret for Kyrkjelydstova Fredheim, Dag Sele, seier det er mykje aktivitet i huset. Ichtus har øvingar her, og huset er viktig for trusopplæringa for barn.

– No er me klare til å leiga ut til jubileum, minnesamvære og slikt, seier han.

## Treng gevinstar

Det blir basar på Kyrkjestova Fredheim 8. februar! Inntektene skal gå til drift av huset. Basarkomiteen treng gevinstar.

Vil du bidra med noko? Ta kontakt med Kjellaug 95700122 eller Linda 48217931.

# Ei krubbe for vår tid

Denne andaktien er ei helsing  
frå fungerande biskop i Bjørgvin,  
domprost Gudmund Waaler

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg? Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe stovlektar. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjonne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt utrykk og sitt syn på kva som er vakkert. Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem ligg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det

lukta sveitte og mørk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elskar oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solida-

ritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfølgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinha år menneske lir. Han gråt når vi sørger. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi sokjer han.

*Og finner du ham i krybbens hø / som hyrder så, som hyrder så, / da eier du nok til freidig å dø / og leve på, og leve på.*

(Jonas Dahl)



Mariakirken alterskap, gåvene frå vismennene. Foto Hilde Smedstad Moore

# Puls på livet

I Nysæter kyrkje ønsker me å ta «pulsen på livet». Kva historie fortel menneske me omgjев oss med?

Heilt sidan førre soknerådsperiode har me i Nysæter kyrkje hatt ønskje om å laga til noko på kveldstid. Me ønskte eit «lågterskeltilbod» som kunne samla folk i kyrkja, og me hadde ønskje om å dra nytte av lokale personar.

Biskopen sitt pålegg om å arbeida vidare med planane om gudsteneste og undervisning på kveldstid, sette i gong planane og forma ideen om å bruka ”sofaprat” som ramme for kveldane.

I haust har det vore tre ”Puls på livet”-kveldar:

24.09: Reidar Ådnanes i sofaprat med Helge Hammersland: I mørket er alle gudar grå. Musikk: Tor Østang og Kjersti Østang Valvatne

29.10: Reidar Ådnanes i sofaprat med Svein Jonassen: Handel og vandel i Sagvåg. Musikk: Alise Jonassen og Bjarte Aadland

26.11: Jørgen Knudsen i sofaprat med Ivar Helleland: Gruveslusk og anna fint folk. Musikk: Humlebandet.

For våren er det planlagt tre nye kveldar. Velkommen til Puls på livet i Nysæter kyrkje!



Mykje folk og god stemning då Ivar Helleland var gjest i sofaen i "Puls på livet".

I sofaen hadde me ønskje om å ha ein uformell prat med lokale personar. Målet skulle vera å ta del i kvardagsmenneske sine forteljingar og historie. Ved å dela frå eige liv ønskte me at dette skulle skapa kontakt, knyta band og gje kunnskap om lokalmiljøet.

Me hadde òg ønskje om å visa fram det kva flotte, musikalske krefter som finst i lokalmiljøet, og invitera desse til å vera med. Det heile ville me avslutta med enkel kveldsmat og god prat. Dette vart forma på kveldane og utgjer det me kallar Puls på livet.

Det viser seg at det er stor interesse for desse kveldane. Det kjem mykje folk, og steminga er god. ”Puls på livet” er komen for å bli!

Du kan  
gi ei gåve med  
**Vipps**

124 653  
Stord sokn

Gi ei gåve med Vipps i dag,  
slik at vi kan halde fram med å  
levere SPIRA i 2020!

# Orgel med ny lyd til jul

SIDAN SIST

- Dette er ei heilt ny verd! seier ein nøgd kantor i Stord, Ole Jørgen Furdal om det nyrestaurerte orgelet i Stord kyrkje.

Han og kantorene Jan Overweg og Bjarte Aadland viser fram rekkene med små og store piper som kvar og ei har blitt sett over, stelt og finjustert av dei tyske orgelbyggjarane som gjennomførte restaureringa.

- Orgelet er det viktigaste verktøyet me kantorar har og er eit utruleg mangfoldig instrument, slår Bjarte fast. Dei rundt rekna 1900 pipene er gruppert i 24 register, eller rader, som kvar har sin klangfarge, og som

har namn etter instrumenta i eit orkester. Orgelpipene imiterer alt frå fløyte til tuba, og klangane frå dei kan kombinerast på utallige måtar.

- Eit orgel som dette, der alt virkar, alt er stemt og alle register kan brukast, gir store moglegheiter til å skape akkurat den stemninga og det uttrykket me ønsker, i alt frå gravferder til høgtidsgudstenester, påpeiker Jan.

Dei tre kantorene fortel også at alle pipene i orgelet er justert på ein måte som gjer at lyden no er tilpassa rommet og når betre ut. Dette vil vere merkbart for kyrkjelyden, og saman med orgelet sin nye klangrikdom vil det støtte og løfte salmesongen til inspirasjon for oss alle, meiner dei tre.



Kantorene Ole Jørgen Furdal (fremst), Bjarte Aadland og Jan Overweg

- Eg ser verkeleg fram til å planlegge musikken no fram mot jul og å kunne utnytte instrumentet på ein måte som speglar den store gleda i julebodskapen, avsluttar Ole Jørgen.

## Julegåve til SPIRA



SPIRA treng aktive støttespelarar! Vil du vere med og støtte arbeidet med kyrkjebladet vårt?

Kyrkjebladet SPIRA har kome ut med tre nummer i år. Vi i redaksjonen håpar at du set pris på bladet. Vårt ynskje er at det skal gi eit glimt frå det mangfoldige arbeidet vi held på med i sokna og kyrkjene våre, både i Nysæter, Stord og på Huglo.

Vi er svært takksame til alle som har gjeve støtteannonsar til bladet.

Er du bedriftseigar og ønsker å vera med på dette, så ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret.

Me oppmodar også deg som enkeltperson til å vera med å støtta arbeidet ved å gi ei gåve til SPIRA, enten med Vipps eller via giro/nettbank. Med di støtte kan vi halde fram med å levere SPIRA i 2020.

På førehand, tusen takk!

For Spira, Olav J. Oma, sokneprest

Gi gåve med giro  
eller nettbank? Her er  
informasjonen du treng:



Til kontonummer:  
**3201.23.04578**

Merknad i KID/  
meldingsfeltet:  
**"SPIRA"**



# Tusen takk til støttespelarane våre!


Me er svært takksame for alle dei gode støttespelarane i næringslivet som med ei annonse her gjer det mogeleg for Stord og Nysæter kyrkjelydar å gje ut kyrkjebladet.



**Leirvik Elektro**  
*Lokal fagkunnskap*



*Din egen kraft*



[anleggsgartnar.no](http://anleggsgartnar.no)

JOSTEIN GRIMSBØ T: 97789400



**Oma Baatbyggeri a.s.**



**Oma Slipp & Mek. Verksted a.s.**

**INTERIØR**  
SERVICE  
post@interiorservicestord.no/tlf 98205395

**Hageland**

**Vest Catering as**



**VALVATNE**

post@valvatne.no/ tlf 53402060



**ANDERSLAND RØR AS**

RØRLEGGING • LEKKASJEKONTROLL • GRAVING • RØRINSPEKSJON  
Telefon: 414 78 787 • E-post: larhe-an@online.no



**Heiane Bil as**

Heiane, 5412 STORD - Telefon 53 40 23 00 - Mobil 90 50 69 00  
[www.heanebil.no](http://www.heanebil.no)

**brølleriet**  
[www.brølleriet.com](http://www.brølleriet.com)

ANNONSER



**JOHANNESSEN  
ENTREPRENØR**

**STORD  
BEGRAVELSESBYRÅ**

**akciv.**  
Eiendomsmegling  
Tlf : 534 30 333  
Ta kontakt for ein hyggeleg bustadprat!

**FYLKESNES  
BIL**

**HUS  
ELEKTRO**

**SUNNHORDLAND  
EIENDOM**

**GROV  
FORSKALING**

Annonseplace  
for di  
bedrift?

# Døypte i haust

## Døypte i Stord kyrkje

### Søndag 06.10.

Svea Götz  
Elvin Halland Johansen  
Teodor Nordtveit Leivestad  
Johne Loven Matre  
Matias Føyen Polden  
Fay van der Hagen  
Wilma Horneland

### Søndag 20.10.

Henrik Log  
Sofie Tyse Bjelland  
Edel Grini Skorpen  
Hermine Dahl Sagenes

### Søndag 10.11.

Joel Alvsvåg  
Filip Kommedal  
**Søndag 17.11.**  
Olav Inge Havn Rusten  
Nora Koppang  
Lauritz Bruland-Bahus

### Søndag 24.11.

Nora Aasheim

“

"Eg var i dåp for mi herlige niese. Det var ein veldig fin dåp, og eg ELSKAR gesten med å løfte barna opp, og meldinga at dette er vår søster;bror og at me skal ta dei vel imot! For ein fin ting å gjere."

Tante til  
eit av dåpbarna i haust

## Døypte i Nysæter kyrkje

### Søndag 13.10.

Alexander Gundersen Skålevik

### Søndag 20.10.

Anne Sofie Fylkesnes Bakken

### Søndag 03.11.

Emil Pejcic TollefSEN

### Søndag 10.11.

Loke Skålevik Grønås

### Søndag 17.11.

Mikkel Nikolaisen Moss, Klara Valvatne Kvernenes

Ynskjer de dåp,  
kva må de gjera?

For å avtala dato for  
dåpsdag, tek de kontakt med  
kyrkjekontoret på  
telefon 53 40 34 30.

Etterpå går de inn på heimesida  
vår, kyrja-stord.no . Der finn  
de skjema som vert nytt til dei  
data som vi treng registrert før  
dåpen.

Sidan vert de bedne til eit  
dåpsmøte der vi informerer og  
snakkar saman om dåpen og  
gudstenesta.

